

# Prop. 18 S

(2011–2012)

## Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

### Endringar i statsbudsjettet for 2011 under Justis- og politidepartementet

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet 18. november 2011,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

#### 1 Innleiing

Justisdepartementet legger i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet for 2011.

*Utøya, jf. Innst. 21 S (2011-2012).* I ettertid har det vist seg at det er eit ytterlegare meirbehov i 2011 på 10,5 mill. kroner. Årsaka til dette er mellom anna at departementet ikkje hadde full oversikt over kor mykje nytt utstyr som måtte skaffast.

#### 2 Forslag om endringar

##### Kap. 400 Justisdepartementet

###### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga under kap. 400, post 01 skal i hovudsak dekke utgifter til løn til tilsette i Justisdepartementet, utgifter til løn og drift til medlemer i kommisjonar, råd og utval samt midlar til engasjement og ekstrahjelp.

Opprettингa av ein ny Schengen notatbase er eit samarbeidsprosjekt mellom Utanriksdepartementet og Justisdepartementet. Oppfølging av kontrakt og utbetaling til leverandør vil skje frå Utanriksdepartementet. På den bakgrunn vert det foreslått å overføre 2,3 mill. kroner frå kap. 400, post 01 til kap. 100 Utanriksdepartementet, post 01 Driftsutgifter.

Løyvinga under kap. 400, post 01 vart auka med 27,6 mill. kroner som følgje av Stortinget si handsaming av Prop. 154 S (2010-2011). *Tilleggsbevilgninger i statsbudsjettet 2011 i forbindelse med angrepene mot regjeringskvartalet og på*

###### *Oppsummering*

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 400, post 01 med 8,2 mill. kroner.

##### Kap. 413 Jordskiftedomstolane

###### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Jordskifteretten har heimel til å kreve inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene vert ført i eigne saksrekneskap, og utgifter og inntekter skal balansere når saka er avslutta.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert løyvinga under kap. 413, post 21 foreslått auka med 2,5 mill. kroner.

##### Kap. 3413 Jordskiftedomstolane

###### *Post 02 Sideutgifter*

Løyvinga på posten samsvarar med tilsvarande utgifter under kap. 413, post 21.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert løyvinga under kap. 3413, post 02 foreslått auka med 2,5 mill. kroner.

## Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker godtgjering og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, lagrettemedlemer, vitne, rettsvitne og reiseutgifter til desse. Løyvinga på posten dekker også utgifter til vitne som møter eller på anna måte gir forklaring for Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker samt naudsynte blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert løyvinga under kap. 414, post 01 foreslått auka med 10 mill. kroner.

## Kap. 430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker ordinære driftsutgifter i kriminalomsorga.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03. Innntektene under kap. 3430, post 03 er venta å verte lågare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2011. Justisdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 430, post 01 og kap. 3430, post 03 med 2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3430, post 03.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 04. Tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid i 2011 er venta å bli høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga for 2011. På denne bakgrunn vert det foreslått at løyvinga under kap. 430, post 01 vert auka med 0,9 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3430, post 04.

Justisdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 430, post 01 med 2,353 mill. kroner, jf. omtale under kap. 430, post 21.

### *Oppsummering*

Samla vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 430, post 01 med 3,453 mill. kroner.

## Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten omfattar m.a. utgifter arbeidsdrifta har til materiale og vanleg utskifting av mindre maskiner og utstyr. I løyvinga inngår også arbeidspengar til dei innsette.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 21 mot ei tilsvarende meirinntekt under kap. 3430, post 02. I 2011 er det venta ein auke i innntektene under kap. 3430, post 02 på 6,437 mill. kroner samanlikna med tilgjengeleg løyving. Samstundes er det venta at utgifter under kap. 430, post 21 aukar med 8,79 mill. kroner. Justisdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga med ytterlegare 2,353 mill. kroner under kap. 430, post 21, jf. omtale under kap. 430, post 01.

### *Oppsummering*

Samla foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga under post 21 med 8,79 mill. kroner.

### *Post 60 Refusjonar til kommunane, forvaringsdømte o.a., kan overførast*

Løyvinga på posten dekker refusjonar til kommunale omsorgstiltak for personar som er sette fri frå forvaring, psykisk utviklingshemma med sikringsdom og varetektsurrogat.

I 2011 er det venta ein auke i utgiftene under kap. 430, post 60. Aukinga skuldast høgare utbetaningar til dei kommunale tiltaka, og at fleire av sakene har fått heilårseffekt i 2011. Justisdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga under kap. 430, post 60 med 6,343 mill. kroner.

## Kap. 3430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning

### *Post 02 Inntekter frå arbeidsdrifta*

Løyvinga på posten dekker inntekter frå sal av arbeidsdrifta si produksjon og drifts- og vedlikehaldsoppgåver som vert gjort på bestilling frå Statsbygg.

Inntektene under kap. 3430, post 02 er venta å verte høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2011. Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 21 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 02. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga under kap. 3430, post 02 med 6,437 mill. kroner mot ein tilsvarende auke i løyvinga under kap. 430, post 21, jf. omtale under kap. 430, post 21.

### *Post 03 Andre inntekter*

Løyvinga på posten dekker m.a. leigeinntekter for teneste- og legebustad, refundert kost og husleige samt klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadane.

Inntektene under kap. 3430, post 03 er venta å verte lågare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2011. Dette skuldast bortfall av inntekter frå Husbanken til bustadkonsulentar ved fleire regionar i 2011, bortfall av eingongstilskot og midlar til prosjekt frå eksterne verksemder og lågare inntekter frå overgangsbustadane.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 03. Justisdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 3430, post 03 med 2 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon i løyvinga under kap. 430 post 01, jf. omtale under kap. 430, post 01.

### *Post 04 Tilskot*

Løyvinga på posten dekker tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid.

Tilskot til internasjonalt fengselssamarbeid er venta å verte høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2011. Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 04. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 og kap. 3430, post 04 med 0,9 mill. kroner, jf. omtale under kap. 430, post 01.

### **Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten**

#### *Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 441, post 01*

Løyvinga dekker alle ordinære driftsutgifter ved Politidirektoratet, politidistrikta (ikkje Oslo politidistrikt), politireserven og politiet sine særorgan (ikkje Politihøgskulen).

#### *Flaum og naturskadetakstar*

Flaumane i 2011 har påført politi- og lensmannsetaten meirarbeid med naturskadetakstar. Justisdepartementet foreslår å auke løyvinga under kap. 440 post 01 med 0,9 mill. kroner.

### *Passproduksjon*

Det er venta ein auke i talet på produserte pass. Dette vil gi auka utgifter til politiet på 3,2 mill. kroner. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 3,2 mill. koner, jf. omtale under kap. 3440, post 01.

### *Auka innsats for retur og soningsoverføring*

I saldert budsjett for 2011 er måltalet for tvangsreturar 4 600 uttransporteringar. Personar utan lovleg opphold skal returnere raskt, helst frivillig, men om naudsynt med tvang. Rask retur er humanit fordi det gjer at menneske kan fortsette sine liv i heimlandet, og ikkje sette det på vent i Noreg. Rask retur bidrar også til å førebygge kriminalitet, redusere presset på kapasitet i statlege asylmottak og ikkje minst sikre legitimitet for asylinstituttet.

På denne bakgrunn vil Justisdepartementet intensivere innsatsen retta mot returarbeidet ytterlegare i 2011, og auke måltalet for uttransporteringar med 100, til 4 700. Dette skal skje gjennom meir grensenære og territoriale kontrollar, og auka innsats særleg i Østfold politidistrikt, Romerike politidistrikt og Oslo politidistrikt samt nokre andre utvalde politidistrikta. Den auka innsatsen i Oslo politidistrikt vil også rette seg mot det opne rusmiljøet, særleg på nedre Grünerløkka. I tillegg skal Politiets utlendingseinig gjennomføre eit restanseprosjekt for å førebu ytterlegare returar. Dette arbeidet skjer ved bruk av overtid og midlertidig tilsetting av nyutdanna studentar frå Politihøgskulen.

For å kunne auke innsatsen retta mot returarbeid og måltalet for uttransporteringar i 2011 til 4 700, vert det samla foreslått å auke løyvinga med 7,25 mill. kroner, fordelt med 4,625 mill. kroner på kap. 440, post 01, 2 mill. kroner på kap. 440, post 21 og 0,625 mill. kroner på kap. 441, post 01, jf. omtale under nemnde postar og kap. 490, post 72.

Regjeringa vil også auke innsatsen for å få gjennomført fleire soningsoverføringer i 2011. Noreg har mellom anna nyleg inngått bilaterale avtalar om soningsoverføring med Romania, Litauen og Latvia. Justisdepartementet foreslår å sette av midlar slik at Noreg tilbyr seg å finansiere 10-15 transportar til soning i heimlandet (normalt skal mottakarlandet sjølv betale for dette). Dette vil bidra til å dempe presset på soningskapasiteten i kriminalomsorga. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 0,75 mill. kroner.

## *Oppsummering*

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 9,475 mill. kroner.

## *Bestillingsfullmakt*

Justisdepartementet har for 2011 fått fullmakt til å bestille varer for inntil 40 mill. kroner utover den gitte løyvinga under kap. 440, post 01, jf. romertalsvedtak III i Prop. 1 S (2010-2011) for Justisdepartementet. På bakgrunn av auka bemanning i livvakttenesta og slitasje på utstyr og materiell ved denne tenesta, treng departementet fullmakt i 2011 til at Politiets tryggingsteneste kan foreta bestillingar av nytt materiell og utstyr for 30,4 mill. kroner som kjem til utbetaling neste år. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke bestillingsfullmakta under kap. 440, post 01 med 30,4 mill. kroner i 2011, til 70,4 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

## *Oppgradering av Trandum utlendingsinternat*

Tilstrekkeleg kapasitet ved Trandum er ein av føresetnadane for at personar som ikkje oppfyller vilkåra for opphold i landet skal returnere raskt. I tråd med Prop. 12 S (2010-2011) er det sett i gang eit arbeid med å oppgradere sikkerheita ved Trandum, samtidig som kapasiteten ved Trandum vert utvida ved bruk av modulbygg. Statsbygg skal stå som eigar av modulbygga. Arbeidet er i rute, og det er venta at ein kan ta i bruk dei nye plassane i løpet av januar 2012, jf. Prop. 120 S (2010–2011). Auka kapasitet ved utlendingsinternatet vil legge til rette for at satsinga på retur kan halde fram.

Justisdepartementet vil i tillegg etablere ein ny modul 2 til erstatning for plassane i det eksisterande internatet. Ein slik modul vil truleg kunne vere ferdigstilt til bruk innan første halvår 2012. Trandum vil med dette få ein kapasitet på 136 plassar, inkludert ti plassar i eksisterande sikkerheitsavdeling, dvs. 16 fleire plassar enn føresetnaden i Prop. 12 S (2010-2011). Løysinga vil bidra til å auke tryggleiken for innsette og tilsette på Trandum, gi eit betre tilbod for dei innsette og ivareta omsynet til borna sitt beste betre enn i dag. Etablering av ein ny modul 2 vil også ivareta krav om universell utforming og legge til rette for ei meir effektiv ressursutnytting ved Trandum. Tiltaket kan gjennomførast innafor eit uendra løvingsnivå.

Det er departementet si målsetting at barnefamiliar i minst mogleg grad skal opphalde seg på Trandum. Løysinga med ein modul 2 vil omfatte ei spesialtilpassa avdeling for born og bornefami-

liar og einslege kvinner innanfor perimetersikringa, skjerma frå dei andre avdelingane. Løysinga vil bidra til at behovet til desse gruppene, og særleg til borna, vert ivaretatt på ein betre måte enn i dag.

## *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker sideutgifter som politi- og lensmannsetaten har i samband med asylsaker, medrekna utgifter til uttransportering i asylsaker og andre utlendingssaker.

For å kunne auke talet på uttransporteringar (av bortviste/utviste) med 100 i 2011, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 21 med 2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

## *Post 23 Sideutgifter i samband med sivile gjeremål*

Løyvinga på posten dekker sideutgifter i samband med dei sivile gjeremåla. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 23 med 8,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 07.

## **Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten**

### *Post 01 Gebyr – pass og våpen*

Løyvinga på posten dekker inntekter frå gebyr for pass og våpenløyve. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3440, post 01 med 15 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

### *Post 06 Gebyr – utlendingssaker*

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknader om statsborgarskap, familieinnvandring og løyve for arbeid, busetting og utdanning.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3440, post 06 med 0,192 mill. kroner.

### *Post 07 Gebyr – sivile gjeremål*

Løyvinga på posten dekker gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet – dvs. gebyr for tvangsforsretning og forliksrådshandsaming. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3440, post 07 med 35 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01 og post 23.

## **Kap. 441 Oslo politidistrikt**

### *Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 440, post 01*

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter ved Oslo politidistrikt.

I samband med den auka innsatsen retta mot returarbeidet i 2011, og at Oslo politidistrikt også skal auke innsatsen retta mot det opne rusmiljøet, særleg på nedre Grünerløkka, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 441, post 01 med 0,625 mill. kroner, jf. nærmare omtale under kap. 440, post 01.

## **Kap. 442 Politihøgskulen**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker lønsutgifter og andre driftsutgifter ved Politihøgskulen.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, post 02 og post 03. På bakgrunn av endra inntektsanslag under kap. 3442, post 02 og post 03, vert det samla foreslått å auke løyvinga under kap. 442, post 01 med 9 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3442, post 02 og post 03.

## **Kap. 3442 Politihøgskulen**

### *Post 02 Diverse inntekter*

Løyvinga på posten dekker inntekter frå Politihøgskulen si kursverksemd, utleige, kantinesalg m.m. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3442, post 02 med 1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 442, post 01.

### *Post 03 Inntekter frå Justissektorens kurs- og øvingssenter*

Løyvinga på posten dekker inntekter frå drifta av Justissektorens kurs- og øvingssenter i Stavern. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3442, post 03 med 8 mill. kroner, jf. omtale under kap. 442, post 01.

## **Kap. 445 Den høgare påtalemakta**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker alle ordinære driftsutgifter ved Den høgare påtalemakta og statsadvokatembeta.

Hovudforhandlingane etter terroransлага 22. juli er planlagt gjennomført på eit tidlegare tidspunkt enn først venta. For å sikre ei god førebuing av saka er det derfor naudsynt å auke arbeidsinnsatsen allereie frå november i år. Dei ekstraordinære meirutgiftene i 2011 er anslått til 0,75 mill. kroner. På den bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 445, post 01 med 0,75 mill. kroner.

## **Kap. 450 Sivile vernepliktige**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker alle mannskapsrelaterte utgifter som dagpengar, dimisjonsgodtgjering, forsørgjartillegg, butillegg, påklednad, kost og andre stønader til sivile vernepliktige mannskap.

Det er fremma eit erstatningskrav frå eit mannskap som tidlegare har vore inne til avtening av sivil verneplikt (1991). Kravet er fremma etter yrkesskadeforsikringslova med tilhøyrande forskrift om standardisert erstatning. Mannskapet er tidlegare innvilga menerstatning av Siviltenesta samt gitt erstatning for individuelle inntektstap i perioden frå 1991 og fram til no. På bakgrunn av konklusjonane til trygdemyndigheten, vil det no kunne settas sluttstrek for erstatningssaka ved fastsetting av ein eingongserstatning for tap i framtidig erverv. Siviltenesta som rett vedtaksorgan har akseptert kravet på om lag 2,5 mill. kroner. Meirutgifter på 1,5 mill. kroner dekkast innanfor budsjettet. På den bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 450, post 01 med 1 mill. kroner.

## **Kap. 3450 Sivile vernepliktige, driftsinntekter**

### *Post 01 Inntekter av arbeid*

Oppdragsgivarar må betale for bruk av sivile vernepliktige mannskap. Inntektene av arbeidet vert ført under denne posten.

Prognose for dei samla inntektene under possten tilseier at løyvinga for 2011 bør oppjusterast. Det var ved årsskiftet 2010/2011 eit særskilt høgt mannskapstal. Dette utløyste ei meirinntekt. Det

har i tillegg vore avsett færre betalingsfrie mannskap til VOKT-tenesta. Normalt vil Siviltenesta i regnskapsavslutninga ha uteståande inntekter hos oppdragsgivarar. Som følgje av forslaget om avvikling av Siviltenesta, vil ein søke å få inn alle inntekter i 2011, slik at det ikkje skal vere uteståande beløp hos oppdragsgivarar etter dette tidspunkt. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løvinga under kap. 3450, post 01 med 2 mill. kroner.

## Kap. 451 Samfunnstryggleik og beredskap

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løvinga skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap med underliggende driftseininger.

I samband med Stortingets handsaming av Prop. 154 S (2010-2011) *Tilleggsbevilgninger i statsbudsjettet 2011 i forbindelse med angrepene mot regjeringskvartalet og på Utøya*, jf. Innst. 21 S (2011-2012), vart det løyva 4,05 mill. kroner til Sivilforsvaret knytt til meirutgifter til sikring av regjeringskvartalet og 20,7 mill. kroner til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap i samband med meirutgifter som følgje av arrangementa på Utøya 19. og 20. august og 1. oktober.

Kostnader for arrangementa på Utøya har auka med 3 mill. kroner i forhold til tidlegare anslag. I tillegg har Sivilforsvaret sin innsats på arrangementa ført til meirutgifter på til saman 1,25 mill. kroner utover det som vart løyva i samband med Prop. 154 S (2010-2011).

### *Oppsummering*

Samla vert det foreslått å auke løvinga under kap. 451, post 01 med 4,25 mill. kroner.

## Kap. 456 Direktoratet for naudkommunikasjon

Investeringa i nytt digitalt radiosamband over heile landet er ei stor satsing på samfunnstryggleik. Det nye naudnettet gir betre kommunikasjon internt i politi, brannvesen og helsevesen og mellom naudetatane. Dette gir dermed raskare og betre koordinert hjelp til publikum ved ulykker og kriser. Ved å skifte ut gamalt utstyr og nyttiggjere mogelighetene i ny teknologi, vert naudetatane si daglege operative verksemd styrka.

Som opplyst i Prop. 100 S (2010-2011) utgjer tidsplanen i trinn 2 ein vesentleg risikofaktor, sia det i kontrakten berre er avsett 30 månader til

utbygging i resten av landet. Erfaringar frå trinn 1 tilseier at dette er svært stramt tidsmessig. Planlegging, tilrettelegging og førebuing for utbygging skjer i tråd med Innst. 371 S (2010-2011). Direktoratet for Naudkommunikasjon (DNK) tek sikte på at revidert utbyggings- og innføringsplan og eventuelle tillegg til kontrakten vil verte ferdigstilt i løpet av 2011. Justisdepartementet tek sikte på å kome tilbake til Stortinget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2012 med oppdatert informasjon om utbyggings- og innføringsplanar, konsekvensar for løvinga samt status for starta utbygging og utrulling av utstyr.

### *Post 01 Driftsutgifter*

På posten vert det ført utgifter til drifta av D NK og kostnader til drift av Naudnettets første utbyggingsstrinn. Med Stortinget sitt vedtak om landsdekkande Naudnett, jf. Innst. 371 S (2010-2011) og Prop. 100 S (2010-2011), omfattar posten også ei auking av løvinga til Naudnett i 2011.

Løvinga på post 01 knytt til første utbyggingsområde av Naudnett (trinn 1) vert foreslått redusert med 13 mill. kroner i 2011. Justeringa refererer seg til betaling for driftskostnader for Naudnett og inngår som ein del av avslutninga for kontrakten for trinn 1. Det er venta at utgiftene vil kome til utbetaling i 2012. Justisdepartementet vil ev. kome tilbake til saka i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2012.

Løvinga dekker også kostnader knytt til vedtaket om landsdekkande utbygging av Naudnett (trinn 2) i 2011. Av løvinga for trinn 2 på totalt 71,9 mill. kroner, vil D NK nytte 21 mill. kroner til å dekke kostnader til prosjektering i direktoratet. Vidare vil D NK nytte 2 mill. kroner til å dekke drift av landsdekkande driftsorganisasjon for brannvesena i 2011. Som følgje av pågående forhandlingar med leverandøren om m.a. revidert tidsplan for trinn 2 for å ivareta staten sine samla interesser og redusere risikoen knytt til tidsplanen, vert det foreslått å redusere løvinga under kap. 456, post 01 med 48,9 mill. kroner i 2011.

### *Oppsummering*

Samla vert det foreslått at løvinga på post 01 vert redusert med til saman 61,9 mill. kroner i 2011.

### *Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald*

Løvinga under posten tek høgde for investeringar i radionett og utstyr til naudetatane sine kommunikasjonssentralar og terminalar.

Av løyvinga til trinn 2 på totalt 413,1 mill. kroner, vil DNK nytte 35 mill. kroner i 2011. 30 mill. kroner vil verte brukt til å dekke investeringar i radionettstrukturen og 5 mill. kroner skal dekke investeringar til etablering av landsdekkande driftsorganisasjon for brannvesena og etablering av ein testsentral for kommunikasjonssentralsystema til brannvesena. Vidare vil Justisdepartementet nytte 1,3 mill. kroner i 2011 til å dekke pågående arbeid knytt til mulige endringar i driftsorganiseringa på staten si side for å sjå om m.a. ytterlegare konsentrasjon av oppgåver vil kunne gje fordelar samla sett, og arbeidet med gevinstrealiseringssplanar i Naudnettprosjektet.

På bakgrunn av pågående drøftingar med leverandøren om m.a. revidert tidsplan for trinn 2, samt Justisdepartementets arbeid med oppfølginga av Naudnettprosjektet, vert løyvinga under kap. 456, post 45 foreslått redusert ned med 376,8 mill. kroner i 2011.

## **Kap. 3456 Direktoratet for naudkommunikasjon**

### *Post 01 Brukarbetaling*

Løyvinga under posten gjeld betaling frå brukarar av Naudnett. Forventa brukarbetaling er basert på prinsipp det vart gjort greie for i Prop. 100 S (2010-2011).

Ved etablering av driftssentralløysing for brannvesena vil det i andre halvår 2011 kome inntekter frå 110-sentralane i trinn 1-området. Fordi driftsorganisasjonen til brannvesena vart overdratt til DNK seinare enn tidlegare planlagt, vert det foreslått at løyvinga under kap. 3456, post 01 vert redusert med 2 mill. kroner i 2011.

Det er behov for å justere ned løyvinga knytt til brukarbetalinga for Naudnett for trinn 1. Erfaringa viser at det så langt er færre brukarar som tek Naudnett i bruk i brann og helse enn tidlegare lagt til grunn. I tillegg har delar av brukarane frå brann og helse valt å utsette å ta leveransen i bruk. På denne bakgrunn vert det foreslått at løyvinga vert redusert med 4 mill. kroner i 2011.

### *Oppsummering*

Samla vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3456, post 01 med til saman 6 mill. kroner.

## **Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker utgifter til salær og reise- og kostgodtgjering til forsvararar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige som er oppnemnd av retten i den einskilde saka eller av Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker. Løyvinga dekker også tapt arbeidsforteneste til tolkar og sakkunnige som ikkje har krav på salær i straffesaker. Løyvinga dekker vidare visse utgifter til Den rettsmedisinske kommisjon, som honorar/godtgjering og reise- og kursutgifter. Løyvinga dekker dessutan salær og reise- og opphaldsutgifter til aktor i militære straffesaker, visse utgifter i sivile saker og utgifter i Justisdepartementet til omsetting i rettsoppmodings- og utleveringssaker.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 466, post 01 med 40 mill. kroner.

## **Kap. 469 Verjemålordinninga**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker utgifter til eit prosjekt som forbereder omorganiseringa som er naudsynt for at ny verjemålslov kan tre i kraft.

På bakgrunn av at venta forbruk i 2011 vil vere mindre enn opphavleg lagt til grunn, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 469, post 01 med 12,5 mill. kroner.

## **Kap. 470 Fri rettshjelp**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakføring. Grunna ordninga si karakter er det vanskeleg å anslå utgiftene.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 01 med 1 mill. kroner.

### *Post 70 Fri sakførelse*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til advokat m.m. i saker der det er gitt heil eller delvis fri sakførelse.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 70 med 15 mill. kroner.

**Post 71 Fritt rettsråd**

Løyvinga på posten dekker utgifter til advokatar og rettshjelparar i saker der det er gitt fritt rettsråd.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 470, post 71 med 35 mill. kroner.

**Kap. 3470 Fri rettshjelp***Post 01 Tilkjende sakskostnader m.m.*

Sakskostnader tilkjend staten i benefiserte saker vert ført under denne posten.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3470, post 01 med 2 mill. kroner.

**Kap. 471 Staten sitt erstatningsansvar***Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving*

Utbetalinger som følgjer av at staten er erstatningsansvarleg etter dei alminnelege erstatningsreglane eller har inngått forlik utan å vedgå ansvar, vert belasta denne posten. Unnateke er utbetalinger som følgjer av staten sitt ansvar i kontraktilhøve og ansvar i samband med staten si forretningsdrift.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 471, post 71 med 30 mill. kroner.

**Kap. 472 Valdsoffererstatning og rådgiving til offer for kriminalitet***Post 70 Erstatning til offer for vald, overslagsløyving*

Posten er ei regelstyrt overslagsløyving og skal gå til erstatning i saker etter valdsoffererstatningslova, m.a. sakskostnader i samband med søkerden og klagehandsaminga.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 472, post 70 med 30 mill. kroner.

**Kap. 480 Svalbardbudsjettet***Post 50 Tilskudd*

Justisdepartementet foreslår å auke løyvinga under kap. 480, post 50 med 0,214 mill. kroner i

samband med oppfølginga etter hendingane 22. juli 2011. Meirutgiftene består av bemanning av ungdomsklubben, reiser, oppfølging frå fagpersonell samt overtid hjå Sysselmannen og tilsette i kyrka.

**Kap. 490 Utlandingsdirektoratet***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av Utlandingsdirektoratet (UDI).

UDI har i 2011 motteke eit krav frå Skatteetaten på meirverdiavgift ved kjøp av tenester frå utlandet i perioden 2003 til 2010. Meirbehovet (inkl. renter og tilleggskrav) er anslått til 6,4 mill. kroner. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 490, post 01 med 6,4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 490, post 72.

UDI har fått tilsegn om ein refusjon på 3,5 mill. kroner frå EUs yttergrensefond, knytt til utvikling av teknologiske løysingar for tilgang til Visa Informations System (VIS) i 2010 (jf. EFFEKT-programmet). På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 490, post 01 med 3,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3490, post 05.

**Oppsummering**

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 490, post 01 med 9,9 mill. kroner.

*Post 21 Særskilde driftsutgifter, statlege mottak, kan nyttast under post 60*

Løyvinga på posten skal dekke staten sine utgifter til drift av statlege mottak for asylsøkjarar.

Gjeldande løyving er basert på eit gjennomsnittleg belegg i mottak på 16 620, og at det vil kome 11 000 asylsøkjarar til Noreg i 2011, jf. Prop. 120 S (2010-2011). Nyare prognosar viser at gjennomsnittleg belegg i mottak er venta å verte 16 520, og at det vil kome om lag 10 000 asylsøkjarar til Noreg i 2011. Mindreutgiftene som følgjer av dette knytt til drift av asylmottak vert anslått til 10,368 mill. kroner.

Reduksjon i talet på einslege mindreårige asylsøkjarar i mottak har ført til eit forventa mindreforbruk på 150 mill. kroner.

Vidare vert det foreslått å overføre 15 mill. kroner til alternativ mottakspllassering (AMOT) under kap. 490, post 60, jf. omtale under kap. 490, post 60.

***Oppsummering***

Samla vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 21 med 175,368 mill. kroner.

***Post 22 Særskilte driftsutgifter, tolk og omsetting***

Løyvinga på posten skal dekke utgiftene UDI har til tolking og omsetting i samband med hand-saminga av asylsaker. Posten dekker også opplæring og rekruttering av verjer for einslege mindreårige.

Det er venta eit mindreforbruk på posten som følgje av at UDI har overtatt registreringssamtalene frå politiet og at det i nokre saker ikkje er behov for eit ordinært asylintervju i tillegg. Vidare er det forventa færre intervju som følgje av at dei nye prognosane anslår 1 000 færre asylsøkjarar i 2011 enn kva som tidlegare er lagt til grunn.

På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 22 med 6 mill. kroner.

***Post 60 Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjarar og flyktningar***

Løyvinga på posten skal dekke kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av mottak.

På bakgrunn av samansettinga av og talet på bebuuarar i asylmottak vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 60 med 2,566 mill. kroner. Særleg er det venta færre einslege mindreårige asylsøkjarar i 2011 enn tidlegare lagt til grunn, og ein kan dermed redusere den øyremerka delen til verjeordninga.

Utgiftene til barnehage for asylsøkjarbarn vert om lag 15 mill. kroner lågare enn venta pga. færre barn i målgruppa og fordi ikkje alle barna i målgruppa har tilbod om plass i barnehage.

Justisdepartementet foreslår å budsjetttere midlane til alternativ mottakspllassering (AMOT) under post 60, slik det også er lagt opp til for 2012. Tiltaket vert no rekneskapsført under post 60, men budsjettert på post 21, jf. stikkordet «kan nyttast under post 60». På denne bakgrunn vert det foreslått å overføre 15 mill. kroner frå kap. 490, post 21 til kap. 490, post 60, jf. omtale under post 21.

***Oppsummering***

Samla vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 60 med 2,566 mill. kroner.

***Post 70 Økonomiske ytingar til bebuuarar i asylmottak, kan nyttast under post 60***

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til økonomiske ytingar til asylsøkjarar og flyktningar i tida dei oppheld seg i mottak. Satsane for økonomiske ytingar er differensierte på bakgrunn av søknadsstatus, familiestatus o.a.

Som omtalt under kap. 490, post 21 vert det gjennomsnittlege talet på bebuuarar i mottak i 2011 noko lågare enn det som tidligare har vorte lagt til grunn. Det gir eit venta mindreforbruk på 3,072 mill. kroner.

Endringar i bebuuarsamansetninga, særleg ein større del personar med såkalla dublin-status (personar som ikkje får realitetshandsama asylsøknaden sin i Noreg) og endeleg avslag, utgjer eit ytterlegare forventa mindreforbruk på 10 mill. kroner.

***Oppsummering***

Samla vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 70 med 13,072 mill. kroner.

***Post 72 Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, kan overførast***

Løyvinga på posten skal dekke både individuell økonomisk støtte ved tilbakevending og tilskot til prosjekt som støtter opp under retur og tilbakevending. Formålet med tilskotsordninga er å legge til rette for at flyktningar kan vende tilbake til heimlandet når det er trygt, og til å motivere asylsøkjarar med endeleg avslag og andre personer utan lovleg opphold i Noreg til å returnere frivillig.

Det er venta eit mindreforbruk under posten på 28,4 mill. kroner i 2011 knytt til forsinkingar i framdrifta med etablering av omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjarar i opphavslandet, etablering av tilbaketakingsavtaler samt enkelte prosjekt i Noreg.

Justisdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 490, post 72 med 8 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01, kap. 440, post 21 og kap. 441, post 01.

Vidare vert det foreslått ein reduksjon i løyvinga under kap. 490, post 72 med 6,4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 490, post 01.

***Oppsummering***

Samla vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 72 med 28,4 mill. kroner.

*Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast*

Løyvinga på posten skal dekke reiseutgifter for overføringsflyktningar, familiemedlemer til personar med vern og flyktningar som drar tilbake til heimlandet.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 75 med 4,95 mill. kroner.

**Kap. 3490 Utlandingsdirektoratet**

*Post 01 Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter*

Nokre av utgiftene som er knytt til retur og tilbakevending for flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om reduksjon i løyvinga under kap. 490, post 72, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490, post 01 med 28,4 mill. kroner.

*Post 03 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter*

Nokre av utgiftene som er knytt til retur og tilbakevending for flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om reduksjon i løyvinga under kap. 490, post 75, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490, post 03 med 0,939 mill. kroner.

*Post 04 Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter*

Nokre av utgiftene som er knytt til mottak for asylsøkjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av at talet på asylsøkjarar som har budd meir enn eitt år i mottak har auka, og

reduksjon i løyvinga under kap. 490, post 21, post 60 og post 70, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490, post 04 med 326,226 mill. kroner.

*Post 05 Tilfeldige inntekter*

Posten er knytt til refusjon for fellestenerester frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) og refusjon for andre verksemder sin bruk av IKT-systemet DUF.

UDI har fått tilsegn om ein refusjon på 3,5 mill. kroner frå EUs yttergrensefond knytt til utvikling av teknologiske løysningar for tilgang til VIS i 2010. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3490, post 05 med 3,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 490, post 01.

**Kap. 491 Utlandingsnemnda**

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av Utlandingsnemnda (UNE), irekna sakshandsamingsutgifter, men ikkje utgiftene til sjølve sakshandsaminga i nemndmøte.

Justisdepartementet foreslår å auke løyvinga under kap. 491, post 01 med 3 mill. kroner mot ein tilsvaranande reduksjon under kap. 491, post 21, jf. omtale under kap. 491, post 21. Dette gjer det mogleg å auke saksavviklinga i UNE i 2011.

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndhandsaming*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter knytt til handsaming av saker i nemndmøte, og er særleg avhengig av talet på asylsøkjarar og kor stor del av sakene som vert handsama i nemndmøte.

På grunn av færre nemndhandsaminger enn tidlegare lagt til grunn er det venta eit mindreforbruk på 3 mill. kroner under kap. 491, post 21. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 491, post 21 med 3 mill. kroner, jf. omtale under kap. 491, post 01.

Justis- og politidepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under  
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget  
om endringar i statsbudsjettet for 2011 under  
Justis- og politidepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Justis- og politidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under  
Justis- og politidepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2011 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
400		Justisdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 352 101 000 til kr 360 301 000	8 200 000
413		Jordskiftedomstolene	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , vert auka med ..... frå kr 5 431 000 til kr 7 931 000	2 500 000
414		Forliksråd og andre domsutgifter	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 125 807 000 til kr 135 807 000	10 000 000
430		Kriminalomsorga si sentrale forvaltning	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med..... frå kr 3 368 867 000 til kr 3 365 414 000	3 453 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 430 post 01</i> , vert auka med..... frå kr 64 210 000 til kr 73 000 000	8 790 000
	60	Refusjonar til kommunane, forvaringsdømte mv., <i>kan overførast</i> , vert auka ..... med frå kr 64 375 000 til kr 70 718 000	6 343 000
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 441 post 01</i> , vert auka med ..... frå kr 9 482 431 000 til kr 9 491 906 000	9 475 000
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med..... frå kr 173 489 000 til kr 175 489 000	2 000 000
	23	Sideutgifter i samband med sivile gjøremål, vert auka med ..... frå kr 60 193 000 til kr 68 693 000	8 500 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
441		Oslo politidistrikt	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 440 post 01</i> , vert auka med .....	625 000
		frå kr 1 995 457 000 til kr 1 996 082 000	
442		Politihøgskulen	
	01	Driftsutgifter, vert auka med.....	9 000 000
		frå kr 465 140 000 til kr 474 140 000	
445		Den høgare påtalemakta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med.....	750 000
		frå kr 138 478 000 til kr 139 228 000	
450		Sivile vernepliktige	
	01	Driftsutgifter, vert auka med.....	1 000 000
		frå kr 41 266 000 til kr 42 266 000	
451		Samfunnstryggleik og beredskap	
	01	Driftsutgifter, vert auka med.....	4 250 000
		frå kr 617 539 000 til kr 621 789 000	
456		Direktoratet for naudkommunikasjon	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med.....	61 900 000
		frå kr 293 560 000 til kr 231 660 000	
	45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	376 800 000
		frå kr 501 900 000 til kr 125 100 000	
466		Særskilde straffesaksutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, vert auka med.....	40 000 000
		frå kr 916 796 000 til kr 956 796 000	
469		Verjemålsordninga	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med .....	12 500 000
		frå kr 20 073 000 til kr 7 573 000	
470		Fri rettshjelp	
	01	Driftsutgifter, vert auka med.....	1 000 000
		frå kr 6 149 000 til kr 7 149 000	
	70	Fri sakførsel, vert auka med .....	15 000 000
		frå kr 426 694 000 til kr 441 694 000	
	71	Fritt rettsråd, vert redusert med .....	35 000 000
		frå kr 204 559 000 til kr 169 559 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
471		Staten sitt erstatningsansvar	
	71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsløyving</i> , vert auka med ..... frå kr 100 720 000 til kr 130 720 000	30 000 000
472		Valdsoffererstatning og rådgiving til offer for kriminalitet	
	70	Erstatning til valdsofre, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med..... frå kr 200 270 000 til kr 230 270 000	30 000 000
480		Svalbardbudsjettet	
	50	Tilskot, vert auka med..... frå kr 88 336 000 til kr 88 550 000	214 000
490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	9 900 000
		frå kr 747 261 000 til kr 757 161 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, statlege mottak, <i>kan nyttast under post 60</i> , vert redusert med .....	175 368 000
		frå kr 1 928 062 000 til kr 1 752 694 000	
	22	Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting, vert redusert med .....	6 000 000
		frå kr 53 000 000 til kr 47 000 000	
	60	Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjarar og flyktningar, vert redusert med .....	2 566 000
		frå kr 230 380 000 til kr 227 814 000	
	70	Økonomiske ytингar til bebuarar i asylmottak, <i>kan nyttast under post 60</i> , vert redusert med .....	13 072 000
		frå kr 510 699 000 til kr 497 627 000	
	72	Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	28 400 000
		frå kr 110 357 000 til kr 81 957 000	
	75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	4 950 000
		frå kr 14 962 000 til kr 10 012 000	
491		Utlendingsnemnda	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	3 000 000
		frå kr 250 328 000 til kr 253 328 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, nemndhandsaming, vert redusert med .....	3 000 000
		frå kr 13 000 000 til kr 10 000 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3413		Jordskiftedomstolene	
	02	Sideutgifter, vert auka med ..... frå kr 5 510 000 til kr 8 010 000	2 500 000
3430		Kriminalomsorgen si sentrale forvaltning	
	02	Inntekter frå arbeidsdrifta, vert auka med ..... frå kr 65 563 000 til kr 72 000 000	6 437 000
	03	Andre inntekter, vert redusert med ..... frå kr 21 437 000 til kr 19 437 000	2 000 000
	04	Tilskot, vert auka med..... frå kr 2 000 000 til kr 2 900 000	900 000
3440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Gebyr – pass og våpen, vert auka med ..... frå kr 241 600 000 til kr 256 600 000	15 000 000
	06	Gebyr – utlendingssaker, vert redusert med ..... frå kr 83 138 000 til kr 82 946 000	192 000
	07	Gebyr – sivile gjeremål, vert auka med ..... frå kr 610 021 000 til kr 645 021 000	35 000 000
3442		Politihøgskulen	
	02	Diverse inntekter, vert auka med ..... frå kr 11 243 000 til kr 12 243 000	1 000 000
	03	Inntekter frå Justissektorens kurs- og øvingssenter, vert auka med..... frå kr 9 787 000 til kr 17 787 000	8 000 000
3450		Sivile vernepliktige, driftsinntekter	
	01	Inntekter av arbeid, vert auka med ..... frå kr 14 219 000 til kr 16 219 000	2 000 000
3456		Direktoratet for naudkommunikasjon	
	01	Brukabetalinger, vert redusert med..... frå kr 40 669 000 til kr 34 669 000	6 000 000
3470		Fri rettshjelp	
	01	Tilkjende sakskostnadar m.m., vert auka med ..... frå kr 2 270 000 til kr 4 270 000	2 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
3490		Utlendingsdirektoratet	
01		Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med.....	28 400 000
		frå kr 108 857 000 til kr 80 457 000	
03		Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med.....	939 000
		frå kr 14 795 000 til kr 13 856 000	
04		Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med.....	326 226 000
		frå kr 1 267 866 000 til kr 941 640 000	
05		Tilfeldige inntekter, vert auka med.....	3 500 000
		frå kr 10 000 000 til kr 13 500 000	

*Fullmakt til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar*

II

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og politidepartementet i 2011 kan bestille varer utover løyvinga som er under posten, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Formål	Samla ramme
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
01		Driftsutgifter	70,4 mill. kroner

—————